



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 24.09.2014

Sak nr.: 14/5238-5

Internt l.nr.: 29921/14

Sak: 106/14

Tittel: Eigarmelding 2014

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkl. nye mål for eigarskapen, jf. vedlegg 1, del I, pkt. 1.2.
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einstilte selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einstilte selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
 - a. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i fylgjande selskap:
F1 Holding AS, Fjord1 AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Fjord Invest Såkorn AS, Framtidsfylket AS, Opplæringsfartøy AS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Teater, Trivselshagen IKS og Sogn og Fjordane Revisjon IKS.
 - b. Starte prosess med avvikling av eigarskapen i fylgjande selskap:
Luna Industri AS (prosess er i gang), Lutelandet Utvikling AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Botnaneset Industriselskap AS, Njøs næringsutvikling AS, Firda Billag AS, Mentro AS (tidl. Firda Produkt AS), Origod AS, Sandane Industri L/L, Sogneprodukt AS og Norsk Fjordhestsenter AS.
4. Fylkesrådmannen får i oppdrag å førebu avvikling av eigarskapen i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.
5. Fylkesutvalet har etter delegeringsreglementet punkt 4.5 mynde til å fatte endeleg avgjerd om sal av aksjepostane/lutane i selskapa omtalt under pkt. 3b ovanfor.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til endring i tilrådinga frå fylkesrådmannen:

Endring i punkt 3a:

Følgjande vert tekne inn: Mentro A/S (tidlegare Firda Produkt), Origod A/S, Sandane Industri L/L og Sogneprodukt A/S

Endring i punkt 3b:

Følgjande vert tekne ut: Mentro A/S (tidlegare Firda Produkt), Origod A/S, Sandane Industri L/L og Sogneprodukt A/S

Arbeidarpartiet sette fram slikt framlegg til endring av punkt 3 i tilrådinga frå fylkesrådmannen:
Følgjande selskap vert flytta frå 3b til 3a:

- Lutelandet Utvikling AS,
- Gulen og Masfjorden Utvikling AS
- Botnaneset Industriselskap AS

Avrøysting:

Åshild Kjelsnes, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Marit Barsnes Krogsæter og Norunn Lunde Furnes røysta mot framlegget om å starte prosess med avvikling av eigarskapen i Sandane Industri L/L.

Frank Willy Djuvik røysta for.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Marit Barsnes Krogsæter og Norunn Lunde Furnes røysta for framlegget frå Kristeleg Folkeparti om at Mentro A/S (tidlegare Firda Produkt), Origod A/S og Sogneprodukt A/S vert flytta frå 3b til 3a.

Frank Willy Djuvik røysta mot.

Nils P. Støyva røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet om at Botnaneset Industriselskap AS vert flytta frå 3b til 3a.

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Norunn Lunde Furnes røysta mot.

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Jenny Følling, Anders Ryssdal og Anita Nybø røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet om at Lutelandet Utvikling AS vert flytta frå 3b til 3a.

Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Norunn Lunde Furnes røysta mot.

Åshild Kjelsnes og Nils P. Støyva røysta for framlegget frå Arbeidarpartiet om at Gulen og Masfjorden Utvikling AS vert flytta frå 3b til 3a.

Jenny Følling, Anders Ryssdal, Anita Nybø, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Norunn Lunde Furnes røysta mot.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med dei endringar som følgjer av vedtaka ovanfor vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande endeleg vedtak: